



## › Vurdering - oppsummering

Kommunerekneskapen for 2021 viser eit brutto driftsresultat på + kr 40 585 738 som er det kommunen hadde i 2021 til dekning av netto finansutgifter og til netto avsetningar. Kommunerekneskapen for 2021 viser eit netto driftsresultat på kr 33 028 938 som er disponert slik:

- Overføring til investering kr 1 400 000
- Netto avsetning til bundne driftsfond kr 995 510
- Netto avsetning til disposisjonsfond kr 3 987 745
- Dekning av tidligere års meirforbruk kr 26 645 683

Samla meirforbruk i høve til justert driftsbudsjett for alle rammeområder er – kr 4 577 031.

Finansieringsbehovet var kr 131 074 693.